

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
Dato:	23.10.2019
Tid:	10:00

Program

Kl 10:00 - Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Roger Pilskog
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 31/19	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 32/19	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 27.08.2019	2019/371	
PS 33/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 6/19	Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019	2019/1740	
PS 34/19	Ymse		
PS 35/19	Plan for kompetanseutvikling - Tiltak våren 2020	2019/17760	

PS 31/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2019/371-9
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	32/19	23.10.2019

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 27.08.2019

Forslag til vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 27.08.2019 vart godkjent.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Anne Sara Svendsen
konst. leiar fagopplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården, Agnes Mowinckelsgate 6
Dato: 27.08.2019
Tidspunkt: 10:00-12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Roger Pilskog	Leiar	LO
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Fredrik Øsleby	Medlem	Lærlingrepr.
Vilde Stokken	Medlem	Lærlingrep.vara

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
John Helge Gullaksen	Roald Steinseide	H

Merknader

Emil Gadolin, leiar for opplæring- og helse deltok i møtet
Sigrid Isdal, Elev- og lærlingombod deltok i møte

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Sara Svendsen	Konst.fagopplæringssjef
Signe Sætre	Leiar prøve og dokumentasjon
Kristine Angelsen	Rådgjevar/jurist
Hege Osebakken	Spesialrådgjevar
Laila Kleppe	Seniorrådgjevar under RS 5/19
Sissel Øverdal	Regionleiar
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 26/19	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 27/19	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 28.05.2019	2019/371	
PS 28/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 5/19	Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme	2016/2578	
PS 29/19	Ymse		
PS 30/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020	2017/1228	

PS 26/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

PS 27/19 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 28.05.2019

Forslag til vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 28.05.2019 vart godkjent.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019

Vedtak

Møtebok frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 28.05.2019 vart godkjent.

PS 28/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019

Vedtak

Referat sak 5/19 vart tatt til orientering.

PS 29/19 Ymse

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019

Anne Sara Svendsen orienterer om arbeidet med formidling av elevar til læreplass så langt. Etter at det er sendt ut skriv til søkjarar har vi fått melding frå at 310 står utan tilbod. Ein stor del av desse vil få

tilbod om Vg3 slutt opplæring i skole. 47 av disse er i enkeltfag, dei vil bli fulgt opp av yrkesfagkoordinatorar ute på skolane.

Rita Jordal sette fram slikt oversendingsforslag på vegne av LO:

Det er et stadig økende problem at elever innen enkelte yrkesfag - spesielt helse- og oppvekstfagene - ikke ønsker å gå ut i lære og bli fagarbeider; men heller vi ta høyere utdanning innen samme sektor. Fagbevegelsens tillitsvalgte melder til representantene i yrkesopplæringsnemnden at søkere uten fagbrev med annen høyere utdanning, prioriteres over søkere med et relevant fagbrev, når det skal tilsettes nye yrkesfaglærere.

Spesielt gjør dette seg gjeldende innenfor helse- og oppvekstfag, der mange yrkesfaglærere ikke har bakgrunn som helsefag- eller barne og ungdomsarbeidere; men heller har bakgrunn som sykepleiere og barnehagelærere.

Det blir et problem når de som skal lære opp fremtidens fagarbeidere, og være forbilder for disse, selv er stolte av sin høgskole- eller universitetsutdanning. Det kan virke oppmuntrende for påbygning, og videre utdanning; fremfor læretid og fagbrev.

Når en fra arbeidstakerorganisasjonene har gjort søk på utlysninger i Hordaland fylkeskommune finner vi flere eksempler på at det stilles krav om høyere utdanning, men ikke fagbrev. Vi har også fått tilbakemelding fra tillitsvalgte som har kontaktet skolene, og blant annet fått tilbakemelding om at de spesielt ser etter sykepleiere. Vi mener at de kandidatene med fagbrev og tilleggsutdanning innen pedagogikk og yrkesfaglærer må prioriteres høyest ved fremtidige utlysninger.

Yrkesopplæringsnemnda ber om redegjørelse før skriftlig svar. Det bør innhentes uttalelse fra skolen(e).

Yrkesopplæringsnemnda ønsker å komme tilbake til kompetanse i utlysning av lærere i yrkesutdanningen.

Røysting

Jordal sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke over sendt opplæringsavdelinga.

Anne Sara Svendsen orienterte om arbeid i sak om bedriftar som hadde fått varsel om tap av godkjenning som lærebedrift.

Frisørbedrift, - sak lukka, bedrifta har levert etterspurt dokumentasjon, vil bli fulgt tett om med bedriftsbesøk.

Opplæringskontor, - sak lukka, opplæringskontor har levert tilsvar, vil bli fulgt tett om med bedriftsbesøk.

Tømmerbedrift, - vedtak om tap av godkjenning som opplæringsbedrift. Med 2 års karantene.

Tom Knudsen sette fram slikt oversendingsforslag på vegne av NHO:

Yrkesopplæringsnemnda ber om en ny sak om retningslinjer for tap av godkjenning som lærebedrift. Saken drøftes med Arbeidsutvalet før den legges fram for yrkesopplæringsnemnda.

Røysting

Knudsen sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke over sendt fagopplæringskontoret.

Oversikt over nye godkjente opplæringsbedrifter frå 24/05 til 23/08-2019 vart delt ut.

Roger Pilskog ønskjer at det blir utarbeid ei brosjyre som skal bli delt ut til elevar. Her bør dei orienterast om dei ulike rollene innan fagopplæring. Som kva er eit opplæringskontor / lærebedrift kva rolle har fagopplæringskontoret.

Det er også viktig at elvane blir bevist på at dei sjølv er ansvarlig for å søkje lære plass.

Tom Knudsen /Roger Pilskog sette fram slikt oversendingsforslag på vegne av NHO/LO til fellesnemnda:

1. Yrkesopplæringsnemnda ber om orientering om overgangen mellom Hordaland og Sogn og fjordane sin yrkesopplæringsnemnder og «ny» yrkesopplæringsnemnd for Vestland fylke.
2. Yrkesopplæringsnemnda ber om å få fremlagt sak vedrørende sammensetning av «ny» yrkesopplæringsnemnd i Vestland fylke, til uttalelse før denne behandles i Fellesnemnda.

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke over sendt fellesnemnda.

PS 30/19 Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020

Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019

Tom Knudsen/Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av NHO/LO:

- «1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

Røysting

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

PS 33/19 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 23.09.2019
Arkivsak: 2019/1740-1
Saksbehandlar: sigisda

Til: Yrkesopplæringsnemnda, Ungdommens fylkesutval, utval for opplæring og helse, fylkesutvalet, fylkestinget

Frå: Sigrid Isdal, elev- og lærlingombod

Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga 9. januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Årsrapporteringa vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet dette skuleåret.

Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lære kandidatane (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira retter og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å hjelpe den enkelte elev og lærling i saker tilknytt den enkelte skule eller i lærebedrift. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

I året som har gått har ombodet arbeidd ut frå mandat som vart vedtatt i fylkestinget i juni 2018. Elev- og lærlingombodet skal årleg rapportere til fylkestinget.

Vedlegg

1 Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019



September 2019. Rapport 3.

Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland

August 2018 - juli 2019

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Stab - Øk.- og org.avd.
Elev- og lærlingombodet i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kontaktinformasjon: Sigrid Isdal, e-post: sigrid.isdal@hfk.no
www.hordaland.no/elev-og-larlingombod

Dato: 23/9.19.

INNHOOLD

FORORD	4
Innleiing	5
Prioriterte arbeidsområde for elev- og lærlingombodet i skuleåret 2018/2019	5
Elev- og lærlingombodet sine anbefalingar	5
Førespurnader historikk	6
Førespurnader 2018/2019	6
Førespurnader 2018/2019 fordelt etter tidsbruk	6
Førespurnader som gjeld elevar 2018/2019	7
Kommentarar til førespurnader som gjeld elevar	7
Førespurnader som gjeld lærlingar 2018/2019	8
Kommentarar til førespurnader som gjeld lærlingar	8
Korleis vert ombodet kontakta	9
Førespurnader til ombodet fordelt etter kjønn – 2018/2019	10
Kommentarar	10
Informasjonsarbeid	11
Oversikt over elev- og lærlingombodet sine innlegg/foredrag 2018/2019	11
Sosiale medier: Nettside, Facebook og Snapchat	12
Samarbeid	12
Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune	13
Samarbeid med elev- lærling og mobbeomboda i Norge –ELMO	13
Vidare arbeid	13



Forord

Dette er årsrapporten for skuleåret 2018/2019 frå elev- og lærlingombodet i Hordaland, til fylkestinget i Hordaland. Rapporten vil gi eit innblikk i arbeidet til ombodet i denne perioden. Det vart sist avlagt løypemelding frå ombodet hausten 2018.

I juni 2018 vedtok fylkestinget mandat for elev- og lærlingombodet, samt at ombodet årleg skal rapportere til fylkestinget. Frå 01.01.18 har stillinga som elev- og lærlingombod vore organisert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon.

Elev- og lærlingombodet tok til i stillinga i januar 2017, som første elev- og lærlingombod i Hordaland. Elev- og lærlingombodet sitt oppdrag er å ivareta rettane og interessene til elevar, lærlingar og lærekandidatar (heretter kalla lærlingar) i vidaregåande opplæring i Hordaland. Arbeidet skal gjerast på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. I praksis vert dette gjort ved å vere tilgjengeleg for å svare på spørsmål, informere elevar- og lærlingar om deira rettar og plikter, samling/innlegg for elevråd på dei vidaregåande skulane, og ved å delta på ulike samlingar for lærlingar. Ombodet får gjennom ulike møter, samlingar og førespurnader, fleire tilbakemeldingar om vidaregåande opplæring i Hordaland.

Ombodet sitt generelle inntrykk er at elevar og lærlingar stort sett har det bra, og er godt nøgde med opplæringa dei får. I rolla som ombod arbeider ein ofte med utgangspunkt i at elevar, lærlingar eller deira føresette stiller spørsmål ved noko, er misnøgd med noko, eller meiner at lovar og retningsliner ikkje er følgt. Ombodet si oppgåve blir då å belyse saka ut frå gjeldande reglar og lovverk, samt hjelpe eleven eller lærlingen med å gi tilbakemelding til dei ansvarlege på ein konstruktiv måte med ynskje om forbetring.

Elev- og lærlingombodet sin årsrapport byggjer ikkje på statistiske data om opplæringa i Hordaland, og skal difor ikkje brukast til å gi ei statistisk beskriving av opplæringstilbodet i fylket. Slike opplysningar er det fylkesrådmannen som samlar inn gjennom eksempelvis elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og kvalitetsmeldinga.

Arbeidet som ombodet gjer er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får. Eg har fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar med elevar og lærlingar. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet, i skulane og ute i lærebedriftene.

God lesing.

Helsing elev- og lærlingombodet i Hordaland,
Sigrid Isdal



INNLEIING

Fylkestinget vedtok å opprette stilling som elev- og lærlingombod i Hordaland i mai 2016, og i januar 2017 var elev- og lærlingombodet på plass. Dette er fylkeskommunen sitt ombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Skuleåret 2018/2019 var det omlag 18600 elevar, samt 4600 lærlingar i vidaregåande opplæring i Hordaland.

Ombodsordninga er eit lågterskeltilbod, og ombodet har teieplikt. Når elevar og lærlingar tar kontakt med ombodet, er det ofte fordi dei ynskjer å få ein nøytral part «utanfrå» til å fortelje kva som er rett i høve til gjeldande reglar eller lovverk når det gjeld opplæringa. Ombodet fokuserer på korleis elevane og lærlingane sjølv kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med den ansvarlege. Målet er å løyse utfordringar og problem på rett og lågast mogleg nivå, men samstundes belyse eventuelle brot på prosedyrar eller lovverk.

Prioriterte arbeidsområde for elev- og lærlingombodet i skuleåret 2018/2019

- Vera tilgjengeleg for elevar og lærlingar, svare på spørsmål om rettar og plikter, samt følgje opp førespurnader.
- Informasjonsarbeid retta mot elevar på yrkesfag som skal ut i lære.
- Informasjonsarbeid retta mot nye lærlingar ute i bedrift.
- Besøke elevråd ved vidaregåande skular.
- Generell informasjon ut om elev- og lærlingombodet.
- Kompetanseheving på gjeldande lovverk.

Elev- og lærlingombodet sine anbefalingar

Her følgjer ei oppsummering av anbefalingane frå elev- og lærlingombodet i Hordaland etter skuleåret 2018/2019. Anbefalingane er gjeve med bakgrunn i førespurnader som ombodet har fått, samarbeid med ulike partar i vidaregåande opplæring, erfaringar ombodet har gjort på skulebesøk og i møte med lærlingar, samt med bakgrunn i vidare fylkessamanslåing.

- Opprette ein enkel og sikker «Melde frå» kanal for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.
- Obligatoriske regionale fellessamlingar for 1. års lærlingar- i regi av fylkeskommunen for å:
 - Sikre at alle lærlingar får kjennskap til sine rettar og plikter, samt til fylkeskommunen si rolle i fagopplæringa.
 - Forbetre informasjonen ut til lærlingar om ulike aktørar og deira ansvarsområde, slik at lærlingar lettare søker hjelp når dei treng det.
- Fleire lærebedriftsbesøk utført av fylkeskommunen.
- Sikre at den som utfører bedriftsbesøk frå fylkeskommunen også har mynde til å kunne gjere vedtak når det gjeld å endre/forbetre situasjonen for lærebedrift og lærling. Tilsette på dei nye rettleiingstenestene, som følgjer opp lærlingar ute i bedrift, må også ha mynde til å ta avgjersler og gjere vedtak. Det er viktig at den som følgjer opp også er den som behandlar eventuelle søknader om heving/ending av lærekontraktar eller vedtak som kan ha betyding for lærebedrifta.
- Kontinuerlig opplæring og kunnskapsheving til opplæringskontor og lærebedrifter; faglege leiarar og instruktørar. Halde fram med dei fysiske kursa som i dag er eit tilbod i Hordaland.
- Gratis lærlingbevis for alle lærlingar i fylket.


FØRESPURNADER HISTORIKK

Sidan oppstart av ombudsordninga i januar 2017, er det jamn auke i førespurnader som kjem til elev- og lærlingombodet.

Gjeld	Førespurnader Vår 2017	Førespurnader skuleåret 2017/18	Førespurnader skuleåret 2018/19
Elev	15	32	44
Lærling	27	105	130
Generelle/andre	(ikkje registrert)	(ikkje registrert)	31
Sum	42	137	205

FØRESPURNADER 2018/2019

Ombodet har registrert 205 førespurnader i perioden august 2018 – juli 2019. 130 av førespurnadane gjeld lærlingar, og 44 av førespurnader gjeld elevar. I kategorien «Generelle/andre» er det registrert 31 førespurnader. Dette er førespurnader av meir generell art, eller førespurnader som gjeld fleire elevar eller lærlingar. Desse førespurnadane kjem frå samarbeidspartnarar/skular/lærebedrifter/andre. Det kan eksempelvis vera lærebedrifter som er usikker på tolking av lovverk, eller det kan vera spørsmål frå tillitsvalde. Det er også nokre førespurnader i denne kategorien som ligg utanfor ombodet sitt mandat; eksempelvis spørsmål knytt til vaksenopplæring eller grunnskule. Det er gledelig å sjå at samarbeidspartnarar nyttar ombodet som ein informasjonsressurs.



Førespurnader 2018/2019 fordelt etter tidsbruk

Gjeld	Kategori 1 Direkte svar/ein til to samtalar	Kategori 2 Inntil 1 dags arbeid – fleire samtalar	Kategori 3 Rettleiing/kontakt/samtalar over ein lengre periode
Lærlingar	103	23	4
Elevar	38	4	2
Andre/Generelt	28	3	0
Sum alle	169	30	6

Alle saker/førespurnader som kjem til elev- og lærlingombodet vert kalla «førespurnad» og kategorisert innanfor ulike tema. Frå hausten 2018 har ombodet også valt å kategorisert førespurnader etter tidsbruk. Enkelte førespurnader er meir omfattande og går over lang tid med fleire samtalar/møter. Lærlingen/eleven må samtykkje til at nødvendig informasjon kan delast/hentas inn frå andre. I desse førespurnadene vert rolla til ombodet meir synleg. Ombodet er ingen sakshandsamar og har ikkje mynde til å gjere vedtak.

Førespurnader som gjeld elevar 2018/2019

Tema	Førespurnader
Tilrettelegging/sjukdom/fritak frå fag	7
Klage på prøve/eksamen/karakter	6
Fråvær /fråværgrensa	6
Diverse/finne fram i systemet	6
Anmerkning	3
Korleis ta opp vanskelige saker med lærer/konflikt med lærer	3
Bytte av skule/fag	3
Gratisprinsippet	3
Mobbing	2
HMS	2
Fleire prøvar same veke	1
YFF (Yrkesfagleg fordjuping)	1
Bortvisning frå time	1
Sum	44

Kommentarar til førespurnader som gjeld elevar

Frå elevar var det flest førespurnader som omhandla tilrettelegging og klage på karakterar. Det har også vore fleire spørsmål der elevar/føresette ynskjer å få råd om korleis dei skal gå fram eller finne fram i systemet dersom det er komplekse utfordringar. På slutten av skuleåret dukka det også opp ein del spørsmål i samanheng med russetid og bruk av russeklede for elevar på yrkesfag. Ein gjengangar uavhengig av kva saken



gjeld, er verdien av det gode samarbeidet også mellom skule og føresette. Saker kan eskalere dersom føresette opplever det frustrerande eller utfordrande å ta opp problem/spørsmål med skulen som gjeld egne born. Dei kan oppleve å ikkje bli høyrte eller forstått, at dei ikkje får den hjelpa dei treng, eller at ein har uavklarte forventningar til kvarandre. Det er skulen som er ansvarleg for å etablere og utvikle eit godt samarbeid med foreldre. Positiv kommunikasjon er viktig, og i sårbare situasjonar er det spesielt viktig å tenke på korleis ein ordlegg seg både munnleg, men også i skriftleg kommunikasjon. I nokre tilfelle kan ein sjå at kommunikasjonen frå skulen skapar avstand i samarbeidet med føresette.

Førespurnader som gjeld lærlingar 2018/2019

Tema	Førespurnader
Tariffavtale/lønn/overtid/feriepengar	18
Heving av lærekontrakt/bytte av lærebedrift/permitterte/konkurs	13 (* Det er to kategori som gjeld heving)
Dårleg arbeidsmiljø/mistrivsel/konflikt	10
Manglande lære plass/søke lære plass	12
Manglande opplæring/oppfølging/halvårsvurdering/opplæringsplan	11
Arbeidsgjevars styringsrett /ferie	10
Fagprøve/tilrettelegging på fagprøven	9
Sjukdom/tilrettelegging i læretida	7
Ynskje om heving av lærekontrakt frå lærebedrift, som følgje av sjukdom	7 *
Manglande fag/stryk i fag/fritak frå fag	7
Gratisprinsippet	5
Useriøs lærebedrift. Fleire utfordringar	3
Mobbing/trakassering	3
Bruk av lærling som vikar. (Grunnbemanning)	3
Lærlingbevis	2
Politiattest	2
Rett til påbygg	2
Alternative vegar til fagbrev	1
Spørsmål om arbeidsavtale	1
Ikkje godkjent lærekontrakt	1
Avbrot i læretida	1
HMS/skade	1
Mangel på prøvenemnd	1
Sum	130

Kommentarar til førespurnader som gjeld lærlingar

Ein førespurnad rommar gjerne fleire ulike utfordringar. Eksempelvis spørsmål om tilpassa opplæring og eventuell forlenging av læretid, eller spørsmål om manglande opplæring, samt vidare informasjon om moglegheit til å byte lærebedrift. Det kan difor vera utfordrande å kategorisere ein førespurnad. Det har vore ein auke i førespurnader som omhandlar sjukdom undervegs i læretida og vidare redsel for å miste lære plassen sin. Fagopplæringskontoret har hatt ein langvarig praksis på at sjukdomsperiode hjå lærlingar vert lagt inn som avbrot i læretida, slik at sluttdatoen for læretilhøvet vert flytta tilsvarande i tid. Ei presisering frå fylkesmannen i Vestland gjorde det klart at dei ikkje kan sjå at opplæringslova med forskrifter opnar for å påføre lærebedriftene ei plikt til å forlenge læretida. Fleire lærlingar søker råd frå ombodet om moglegheiter til å byte lærebedrift. Bakgrunnen for at dei ikkje ynskjer å halde fram læretida si der dei er, kan vera alt frå manglande oppfølging, manglande «kjemi» med kollegaer, manglande tilrettelegging, til dårleg læremiljø.

Fleire av lærlingane ynskjer ei «enkel avslutning» der dei er, for å komma seg raskt vidare for å fullføre utdanninga si. Dei ynskjer difor å heve lærekontrakten ved semje med lærebedrifta. Dersom lærlingen semjer i å avslutte læretida, kan eksempelvis dårleg læremiljø, eller manglande opplæring, ende opp med å ikkje bli registrert i fylkeskommunen sine register som bakgrunn for hevinga. Ombodet oppmodar lærlingane til å ta kontakt med fylkeskommunen v/fagopplæringskontoret for å fortelje si historie. Dette er spesielt viktig i saker som gjeld mobbing/trakassering, og generelt useriøse lærebedrifter som ikkje følgjer lovverket.



Det hadde vore enklare for lærlingane å melde frå med ein sikker «Meld frå» knapp. Ombodet registrer at fleire høgskular og universitet har tatt i bruk slike kanalar for sine studentar. Lærlingane kan gi viktig informasjon som seier noko om opplæringa i den aktuelle lærebedrifta. Med bakgrunn i nokre av dei historiene eg har fått frå lærlingar siste året, er eg som ombod framleis uroa for at vi har ei underrapportering av bedrifter som ikkje følgjer pliktene sine som lærebedrifter. Det kan sjå ut som fleire lærebedrifter har eit behov for ytterlegare rettleiing i høve til lærlingar og dei krav som vert stilt i opplæringslova. Det er difor positivt at fylkeskommunen tilbyr fysiske kurs for faglege leiarar og instruktørar. Det er viktig at fylkeskommunen heldt fram med denne ordninga også i nye Vestland.

For mange er det vanskeleg å finne fram i systemet, og skilnaden på eksempelvis det fylkeskommunale Fagopplæringskontoret og opplæringskontor (private opplæringsbedrifter) er vanskeleg å forstå. Obligatoriske regionale samlingar for alle første års lærlingar, arrangert av fylkeskommunen, kunne gjort det lettare for lærlingane å ta kontakt, samt å forstå fylkeskommunen si rolle i fagopplæringa. På ei slik samling kunne lærlingane få informasjon om rettar og plikter, ei forståing av kven som har ansvar for kva, og korleis eller kven dei skal kontakte i fylkeskommunen dersom dei ikkje får hjelpa eller opplæringa dei har krav på i lærebedrifta.

Fleire av opplæringskontora, og mange store lærebedrifter i Hordaland, har felles samlingar for nye lærlingar. Elev- og lærlingombodet har vorte invitert med på fleire av desse samlingane. Ombodet ynskjer å rose lærebedrifter/opplæringskontor som har slike samlingar. Lærlingane kjem med tilbakemelding om at slike samlingar er nyttige, og at det gir ein god start på læretida. Ombodet må i denne samanhengen presisere at ikkje alle lærlingar er knytt opp til eit opplæringskontor, at det difor kan vere nyttig at fylkeskommunen tar initiativ til slike samlingar.


På samlingar med nye lærlingar har spesielt spørsmålet om «lærlingbevis» dukka opp. Fleire fylkeskommunar lagar slike lærlingbevis til lærlingane, då lærlingar i fleire tilfelle kan få såkalla «lærlingrabattar», eksempelvis på buss.

Korleis vert ombodet kontakta

Kven kontaktar ombodet i første omgang	Mengd
Lærling sjølv	99
Eleven sjølv	34
Foreldre/føresette	37
Andre (lærer, kundar, NAV, barnevern, fagforeining, lærebedrift, opplæringskontor, PPT)	35
Sum	205

I første omgang kan det vera at eksempelvis foreldre, tar kontakt for eleven eller lærlingen. Slike samtalar er svært generelle, og ender ofte i nye telefonsamtaler/møter med eleven/lærlingen sjølv.



Ombodet registrerer at flest personar tar kontakt første gong via telefon eller e-post. Frå hausten 2018 har ombodet også registrert 40 førespurnader via Snapchat. I nokre tilfelle har første kontakt vorte oppretta via Snapchat, men vidare kommunikasjon har gått føre seg i møter eller pr. telefon. All kontakt via Snapchat kjem direkte frå elevar og lærlingar. Samarbeidspartnarar nyttar telefon eller e-post i kontakt med ombodet.



Førespurnader til ombodet fordelt etter kjønn – 2018/2019

Gjeld	Jenter	Gutar	Ukjent/fleire
Elev	15	31	1
Lærling	67	58	5
Gjeld fleire/generelt/ukjent	0	0	28
Sum	82	89	34

Når det gjeld elevar er det nesten dobbelt så mange gutar som tar kontakt med ombodet. Når det gjeld lærlingar er det flest jenter som tar kontakt. Ein del av førespurnadene er anonyme, eller gjeld fleire elevar/lærlingar.



Kommentarar

Elevane og lærlingane har ved 133 av 205 førespurnader sjølv tatt første kontakten med ombodet. Ved spørsmål om møte, vert dette høgt prioritert og det vert satt av tid snarast mogleg. Ombodet registrerer at det er flest gutar som tar kontakt når det gjeld skulerelaterte utfordringar, og flest jenter som tar kontakt når det gjeld læretid.

Ved førespurnad til ombodet, får eleven eller lærlingen i dei fleste tilfelle informasjon og verktøy til å prøve å løyse utfordringane sjølv. Dei som tar kontakt får informasjon om at ombodet vil vere ein vidare støtte om ønskeleg. Det kan eksempelvis vere ein lærling som ber om råd før og etter eit møte med lærebedrift. I slike tilfelle ber ombodet gjerne om ei oppdatering, slik at det skal vere

enkelt å ta kontakt igjen dersom utfordringane ikkje vert løyst. I dei fleste tilfella er ikkje lærebedrifta/opplæringskontoret eller skulen informert om at ombodet har vorte kontakta, då det ikkje er eit ynskje frå eleven eller lærlingen å fortelje at dei har vore i kontakt med ombodet. I nokre tilfelle vel elev eller lærling å eksempelvis vidaresende e-post frå ombodet til skuleleiing/lærer/lærebedrift, der ombodet viser til gjeldande lovverk i høve til uavklarte spørsmål mellom elev/lærling og skule/lærebedrift.

INFORMASJONSARBEID

Ei av hovudarbeidsoppgåvene til ombodet er å gjere ombodsrolla kjent for elevar og lærlingar, i opplæringsavdelinga og på skular og i lærebedrifter. Informasjon om elevar og lærlingar sine rettar og plikter er også ei viktig informasjonsoppgåve. I høve til å vera til stades og møte elevar og lærlingar prioriterer ombodet å besøke flest mogleg elevråd, gi informasjon til nye lærlingar på hausten, samt å gi generell informasjon om lærlingordninga til Vg2 elevar. I samarbeid med kommunikasjonsavdelinga har det vorte produsert eit visittkort med webkamerabeskyttar som ombodet kan dele ut til elevar og lærlingar på ulike samlingar. Ombodet har utført 42 foredrag/innlegg siste året. Foredraga varierer frå 15 min til 3 timar.

Oversikt over elev- og lærlingombodet sine innlegg/foredrag 2018/2019

Tema	Dato for besøk hjå skule/ opplæringskontor/bedrift/andre:	I samarbeid med:	Mengd
«Elevrådsturne» Tema: Rolla som ombod, elevmedverknad, elevrådsarbeid, retter og plikter som elev, rolla som tillitselev.	<ul style="list-style-type: none"> - 06.09. Os gymnas - 12.09. Os vgs - 18.09. Austevoll vgs - 20.09. Stend vgs - 26.09. Laksevåg vgs - 28.09. Fusa vgs - 02.10. Stord vgs - 03.10. Årstad vgs - 04.10. Fyllingsdalen vgs - 18.10. Austrheim vgs - 23.10. Arna vgs - 29.10. Sandsli vgs - 01.11. Tertnes vgs - 04.12. Fitjar vgs 	Rektor, kontaktperson for elevrådet	14
Informasjon om rolla som elev- og lærlingombod. Anna diverse (om mobbing, arbeidsmiljø osv)	<ul style="list-style-type: none"> - 04.11. Ungdommens fylkesting - 16.11. Erasmus – besøk frå Normandie - 10.01. Austrheim vgs - 18.01. Praktisk Ped. Utdanning – Høgskulen på Vestland - 11.02. LO- Regionssamling - 18.02. Voss vgs - 07.03. Solstrandkonferansen – samling for opplæringskontor - 13.03. DEMBRA konferansen - 10.04. Fellesskolering HFK - 23.04. Radøy ungdomsråd - 03.06. Debatt. Pride. - 15.06. LO-sommarpatrulje 	Diverse samarbeidspartnar ar	12
Diverse informasjon om: Lærling, læretid,	<ul style="list-style-type: none"> - 13.08. Ytre Sunnhordland opplæringskontor 	Skular, Yrkesfaglege	16

rettar og plikter, HMS og rolla til elev- og lærlingombodet.	<ul style="list-style-type: none"> - 14.08. Nye lærlingar. HFK - 20.08. Olsvikåsen vgs. - 28.08. Opplæringskontoret for restaurant og matfag - 29.08. Bergen kommune - 07.09. Frisørenes fagforening (tillitsvalte) - 13.09. BYGGOPP - 10.10. Opplæringskontoret i Hardanger - 17.10. UiB - 22.01. Sotra vgs - 17.01. Årstad vgs - 23.01. Slåtthaug vgs - 24.01. OKEL - 12.02. Fjell kommune - 19.02. Kvam vgs - 25.04. Laksevåg vgs 	koordinatorar, lærebedrifter, opplæringskontor	
Sum innlegg/foredrag			42

Sosiale medier: Nettside, Facebook og Snapchat

Elev- og lærlingombodet har eige nettside på www.hfk.no, eiga facebookside, samt at ombodet frå hausten 2018 også har vore å treffa på Snapchat. På nettsida for elev- og lærlingombodet finn ein informasjon om ombodet si rolle og arbeidsoppgåver, samt kontaktinformasjon. Facebooksida «Elev- og lærlingombodet i Hordaland» vert brukt til å leggje ut relevant informasjon om vidaregåande opplæring. Det er flest samarbeidspartnarar som følgjer denne sida. Snapchat vert i stor grad nytta til å kommunisere med elevar/lærlingar. Kommunikasjonen her vert i liten grad registrert som førespurnader. Snappar som ikkje vert registret som førespurnader kjem ofte når ombodet legg ut «Mystery-snap» med diverse informasjon om vidaregåande opplæring. Elevar og lærlingar ber gjerne om presiseringar i høve til informasjon dei har fått. Snapchat vert då meir bruk som ein kommunikasjonsplattform. I samtale med elevar og lærlingar har ombodet fått gode tilbakemeldingar på bruk av Snapchat. Når ombodet legg ut informasjon på Snapchat er det i gjennomsnitt ca. 250 personar som ser desse.

SAMARBEID

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som lærebedrifter/opplæringskontor, Elevorganisasjonen og eksempelvis ulike fagorganisasjonar. Fleire lærebedrifter og opplæringskontor har tatt initiativ og invitert elev- og lærlingombodet på besøk i ulike samanhengar. Ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane til elev- og lærlingombodet er mobbeombodet i Hordaland.



Samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune

Opplæringsavdelinga består av fleire seksjonar med mange ulike ansvarsområde. I ombodet sine møte med ulike fagpersonar i seksjonane, er inntrykket at viljen er stor for å arbeide til det beste for elevane og lærlingane i Hordaland. Etter at ombodet vart organisatorisk flytta frå opplæringsavdelinga, har ho mista noko av den daglege kontakten der det vart naturleg å diskutere faglege utfordringar. På bakgrunn av dette er det spesielt viktig for ombodet å bli orientert om det som går føre seg i opplæringsavdelinga, men også å skape naturlege møtearenaer der ombodet kan vera ein bidragsytar til det beste for elevar og lærlingar. Ombodet har vorte invitert med på nokre aktuelle samlingar i regi av opplæringsavdelinga. Både for å bidra med informasjon, men også som deltakar der tema er relevant for ombodet sitt arbeid.

Samarbeid med elev- lærling og mobbeomboda i Norge –ELMO

Det er no tilsett elev- og lærlingombod i alle fylke, samt mobbeombod i alle fylke. Elev- og lærlingomboda, og dei fylkeskommunale mobbeomboda i Norge, har danna eit felles nettverk: ELMO. Omboda arrangerer i fellesskap to samlingar i året. Samlingane vert arrangert i eit «vertsfylke». På samlingane har vi innlegg med relevante tema, erfaringsutveksling, samt at ombodsrolla alltid er eit relevant tema. Omboda har også hyppig kontakt gjennom e-post og Facebook. ELMO har ingen leiar, men har eit «Arbeidsutval» (AU) som frå 2018 består av fem ombod. To elev- og lærlingombod, og tre mobbeombod. Elev- og lærlingombodet i Hordaland er valt inn i «Arbeidsutvalet» av dei andre omboda, og har vore det sidan hausten 2017.


Arbeidsoppgåvene til AU er å koordinere det felles arbeidet til alle omboda i Norge, arbeide med felles høyringsuttalar, felles læremateriale; som eksempelvis: www.elevråd.no som vart publisert hausten 2018, samt planlegging av samlingar og innhald/saker til samlingane. Frå våren 2019 har også alle elev- lærling-, og mobbeomboda i Norge fått tilbud om gratis kompetanseheving via Læringsmiljøsentret i Stavanger. Ombodet har deltatt på 2 slike samlingar i året som har gått.



VIDARE ARBEID

Ombodet vil alltid ha førespurnader frå elevar og lærlingar som første prioriterte arbeidsoppgåve. Vidare er informasjonsarbeid viktig. Ombodet ynskjer å vidareutvikle egne nettsider samt å etablere bruk av Instagram. Ombodet har også eit ynskje om å starte opp podcast i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga, dette for å nå ut til fleire elevar, lærlingar og samarbeidspartnarar.

Ombodet ser fram til samanslåing av fylka, og eit vidare tett samarbeid med elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane. Det er viktig å få på plass eit felles mandat og samkjøring av arbeidsoppgåver for å gi eit best mogleg tilbud til alle elevar og lærlingar i Vestland.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

PS 34/19 Ymse



Arkivnr: 2019/17760-1
Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	35/19	23.10.2019
Utval for opplæring og helse		06.11.2019

Plan for kompetanseutvikling - Tiltak våren 2020**Samandrag**

Plan for kompetanseutvikling viser strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for undervisningspersonale, skuleleiarar, andre tilsette og aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Strategiperioden går i frå 2016 til 2020. Denne planen gjeld for våren 2020 og er planlagt ut i frå å skulle sikre tiltaka som vart satt i verk for skuleåret 2019/20.

Økonomi: Tiltaka i denne rulleringa tek utgangspunkt i strategien og tildelt økonomi som ligg for perioden. Nokre av tiltaka i planen er heilt eller delvis finansiert av statlege midlar. Forslaget sikrar at tiltaka som vart satt i verk i planen vidareførast våren 2020.

Skulebasert kompetanseutvikling:

Desentralisert kompetanseutvikling/Læringsprosjekt: 1 850 000

Etterutdanning:

Fagnettverk 2 500 000
Anna etterutdanning:
Lærarar 1 935 000
Skuleleiing 2 080 000
Faglige leiarar/instruktørar og prøvenemnda 1 050 000
Miljøarbeidarar 50 000

Vidareutdanning:

Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar 11 844 000

Forslag til innstilling

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering av tiltak for våren 2020. Kompetansebudsjettet for våren 2020 er justert ut i frå tiltak som var prioritert i 2019 og gjeld berre for våren 2020.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Plan for kompetanseutvikling tiltak for våren 2020

Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020

Tiltak våren 2020



Innhold

Kapittel 1, Strategi 2016 - 2020	3
1. Innleiing	3
1.1 Kort om planen	3
2. Nasjonale og lokale føringar	4
2.1 Nasjonale føringar	4
2.2 Lokale føringar	5
3. Strategi for kompetanseutvikling i HFK	5
3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging	5
3.2 Skulebasert kompetanseutvikling	5
3.3 Etterutdanning	5
3.4 Vidareutdanning	6
4. Kompetanseutviklingsområde	7
4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområde	7
4.2 Fagfornyninga - Fagleg-pedagogisk kompetanse	7
4.3 Fagleg pedagogisk leiarkompetanse	8
4.4 Yrkesfaglærarløftet – yrkesfagleg pedagogisk kompetanse	8
4.5 Oppfølging av nytilsette	8
4.6 Interkulturell kompetanse	8
4.7 Rådgiving	9
4.8 Spesialpedagogisk kompetanse	9
4.9 Skulebibliotektenesta	9
Kapittel 2, Oversikt over prioriterte tiltak i 2020	10
5. Tiltak	10
5.1 Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt	10
5.2 Etterutdanning	10
5.3 Vidareutdanning	11
6. Finansiering 2020	11

Kapittel 1

Strategi 2016 - 2020

1. Innleiing

Plan for kompetanseutvikling legg føringar for opplæringsavdelinga sitt arbeid med kompetanseutviklinga innan vidaregåande opplæring. Strategisk plan blir utarbeidd for ein periode på fire år. Planen skal rullerast kvart år, og det skal utarbeidast årlege tiltaksplanar og budsjett som viser prioriteringar i lys av føringar i den overordna strategien og økonomiske rammer.

Opplæringslova seier at kommunar og fylkeskommunar, som skuleeigar, har ansvar for å ha rett og naudsynt kompetanse på skulen: § 10-8 Kompetanseutvikling:

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

Ansvarer tilseier at fylkeskommunane må ha eit system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk og ha som formål å fornye og utvikle den faglege og pedagogiske kompetansen hos tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling.

Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbetring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområde og strategiar for ei langsiktig utvikling av kompetanse i skulane. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidretta kompetanse.

Planen skal bidra til:

1. Rett kompetanse
2. Høg fagleg og pedagogisk kvalitet i undervisninga
3. Å gjere Hordaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette i vidaregåande utdanningssektor

1.1 Kort om planen

Målgrupper: Lærarar/instruktørar, skuleleiarar, faglege leiarar (bedrift), rådgjevarar, miljøarbeidarar og bibliotekansvarlege.

Oppbygging av planen

Kapittel 1 legg overordna føringar for den årlige rulleringa av tiltaksplanen og er delt inn i tre underkapittel:

- *Nasjonale og lokale føringar* skal leggest til grunn for vurdering og prioritering av tiltaksplanen.
- *Strategiar for kompetanseutvikling* som gjer greie for korleis fylkeskommunen planlegg å legge til rette for kompetanseutvikling.
- *Kompetanseutviklingsområde* gir ein kort omtale av sentrale tema/område som skal prioriterast i den årlege tiltaksplanen. I samband med den årlege rulleringa av planen skal kompetanseutviklingsområda inngå som tema og vurderast i lys av eventuelle nye signal i nasjonale og lokale styringsdokument.

Kapittel 2 gir ei oversikt over tiltak og økonomi for 2020. Tiltaksplan og budsjett skal utarbeidast kvart år og drøftast med organisasjonane.

2. Nasjonale og lokale føringar

Strategiplanen skal understøtte fylkeskommunen sine hovudmål og strategiar og er forankra i nasjonale og lokale føringar. Planen er i tråd med hovudavtalen (Del C, § 6) og arbeidsmiljølova (§ 4-2) sine krav om kompetanseutvikling og fagleg og personleg utvikling.

2.1 Nasjonale føringar

Felles for dei nasjonale føringane er fokus på eit *systematisk, kunnskapsbasert* og *dynamisk* arbeid med kompetanseutvikling:

- Nye krav i Læreplanverket - Fagfornyinga
- Meld. St. 28 (2015-2016) Fag – Fornyning – Forståelse
- Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025
- Yrkesfaglærarløftet – strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- Meld. St. 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
- Meld. St. 20 (2012-2013) På rett vei
- Meld. St. 21 (2016-2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen
- NOU 2015:8 «Fremtidens skole»
- Rammeverk for lærernes profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK)

Fagfornyinga

Meld. St. 28 (2015-2016) «Fag – Fordypning – Forståelse» bygger på fleire av Ludvigsenutvalet sine forslag i NOU 2015:8 «Fremtidens skole». Utvalet vurderte kva kompetansar som vil vere viktige for elevane i framtida og kva endringar som må gjerast for at elevane utviklar desse kompetansane. Stortingsmelding 28 trekkjer fram korleis innhaldet i opplæringa bør fornyast for å kunne tilpasse seg eit samfunn i endring. Arbeidet med fagfornyinga er den største læreplanendringa i skulen sidan Kunnskapsløftet. Dette er eit langsiktig fornyingsarbeid som sørger for ei brei involvering og tilstrekkeleg tid til dei ulike stega i prosessen. Det nye læreplanverket skal bli eit betre arbeidsverktøy for skulen. Nye læreplanar krev nye måtar å arbeide på, og utdanningsdirektoratet grunnjev dette med at det skal bli meir relevant innhald og samanheng i faga, samt at progresjonen i elevane si læring skal bli tydelegare. I perioden 2017-2020 blir det gjennomført eit omfattande arbeid med utvikling av nye læreplanar. For alle utdanningsprogram vil innføring av nye læreplanar gjennomførast frå haust 2020 (Vg1), haust 2021 (Vg2) og haust 2022 (Vg3). Det er vedteke ein ny «Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa» som skal innførast som ein del av nytt læreplanverk frå skuleåret 2020-2021. Utvikling av skuleeigar og skulane sin kompetanse når det gjeld styring og leiing av lokalt arbeid med læreplanar vil vere ein viktig strategi for å bygge utviklingskapasitet i opplæringssektoren i åra framover.

Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025

Målsetjinga er å styrkje elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta vidareutdanning. Det nasjonale strategidokumentet set rammer for satsingsområde og ansvarsfordelinga mellom dei ulike partane. Dette strategidokumentet er utarbeidd i samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskulerådet. I strategien står det blant anna at det er viktig at fylkeskommunen: «*kartlegger behov for vidareutdanning på den enkelte skole og samarbeider med arbeidstakerne om langsiktige planer for kompetanseutvikling*»

Yrkesfaglærarløftet

Regjeringa har utarbeidd ein strategi med desse måla:

- auka rekruttering og kvalifisering av yrkesfaglærarane
- god kvalitet og relevans i yrkesfaglærarutdanninga
- gode moglegheiter for kompetanseutvikling

Desentralisert ordning – lokal kompetanseutvikling

Meld. St. 21 (2016-2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen peika på at nasjonale kompetansesatsingar ikkje har gitt nok rom for å tilpasse satsingane lokalt. For å skape den forankringa som er naudsynt, ønskjer departementet at avgjerder og prioriteringar om kompetanseutvikling skal flyttast nærare dei som skal gjennomføre tiltaket. Den desentraliserte ordninga skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. Fylkesmannen, kommunane, fylkeskommunane, lokal UH (universitet eller høgskular) og andre relevante aktørar skal samarbeide for å kartlegge behov for kompetanseutvikling og planlegge utviklingsarbeidet. Staten overfører pengar til

kommunane via fylkesmannen slik at kommunane sjølv kan bestemme innafør kva område dei treng kompetanseutvikling. Fylkeskommunane deltek i ordninga frå 2019.

2.2 Lokale føringar

Plan for kompetanseutvikling er forankra i følgjande lokale plandokument:

- Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane
- Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019
- Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
- Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune»

3. Strategi for kompetanseutvikling i HFK

Det er viktig for opplæringsavdelinga å etablere arenaer for kompetanseutvikling og eit system for kontinuerleg og systematisk arbeid med kollektiv kompetanseutvikling.

3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging

I perioden 2016-2020 skal det systematiske arbeidet med kartlegging av kompetansebehov styrkast, jf. opplæringslova § 10-8. Det er avgjerande at den einskilde skule har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse skulen har, og kva type kompetanse skulen treng. På bakgrunn av kompetansekartlegging må skulen vurdere kva kompetanse det er behov for og utarbeide ein plan for kompetanseutvikling som blir rullert årleg. Skulane sine kompetanseplanar skal og leggast til grunn for den årlege rulleringa av strategi for kompetanseutvikling.

3.2 Skulebasert kompetanseutvikling

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har i dei seinare åra vektlagt større satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Dette er ein strategi HFK vil følgje opp og prioritere i komande strategiperiode. Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulane får til utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass, gjerne i samarbeid med eksterne kompetansemiljø. Målet er å utvikle skulen sin samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Auka fokus på skulebasert utvikling betyr at Hordaland fylkeskommune i større grad må sjå kompetanseutvikling og skuleutvikling i samanheng.

3.3 Etterutdanning

3.3.1 Fagnettverk

Fylkesdirektør opplæring etablerte fagnettverk innanfor 16 ulike utdanningsprogram/fag hausten 2016. Fagnettverka erstatta det tidlegare FAU-systemet. Fagnettverka skal sikre ei brei forankring i utdanningssektoren i HFK og vere ein arena for fremjing av fagleg kompetanseutvikling i fylket. Fagnettverka skal bidra til fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/-fag i tråd med nasjonale og lokale føringar. Kompetanseutviklinga skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i faga der elevar og lærlingar si læring står i sentrum.

Fagnettverka skal bestå av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv og/eller høgskule/universitet. Det er representantane frå HFK i fagnettverka som saman kan avgjere kva ekstern kompetanse som er hensiktsmessig å invitere til ein plass i fagnettverket.

Fagnettverka sitt arbeid skal vere målretta og forpliktande. Aktiviteten og innhaldet i det enkelte fagnettverk kan variere med omsyn til at faga-/programområda er ulike i storleik, faginnhald og sær eigenheit. For å sikre ressursar til å leie og gjennomføre arbeidet i fagnettverka med planlegging og gjennomføring av kompetansehevingstiltak, vil det bli sett av ressursar til frikjøp av lærarar i kvart av fagnettverka. Det er fylkesdirektør opplæring som lyser ut og engasjerer ressurspersonar i fagnettverka.

Arbeid med fagfornyninga skal prioriterast i alle fagnettverk og skal ligge til grunn for fagnettverka sine aktivitetar.

Fagnettverka skal:

- Drøfte og løfte sentrale problemstillingar knytt til utviklinga av utdanningsprogrammet/fagområdet
- Identifisere og kartlegge behov for kompetanseutvikling innanfor utdanningsprogrammet/fagområdet
- Tilby fagleg-pedagogiske kurs/kompetanseutviklingstiltak for lærarar
- Vurdere behov for andre typar kompetanseutviklingsarenaer som kan styrke samarbeid på tvers innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og eksterne kompetansemiljø/næringsliv

HFK har 16 fagnettverk innan følgjande fag-/programområde:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Framandspråk
- Helse- og omsorgsfag
- Idrettsfag og kroppsøving
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Naturbruk
- Norsk
- Realfag
- Restaurant- og matfag
- Samfunnsfag og økonomi
- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon

3.3.2 Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar

Skulane har varierende storleik både med omsyn til tal på elevar og fagleg kompleksitet. Det er difor av stor verdi for einskilde grupper innan sektoren å få eit tilbod om kompetanseutviklingsarenaer saman med kollegaer frå andre skular.

Fylkesdirektør opplæring ser det som ein sentral strategi for skuleeigar å legge til rette for slike læringsarenaer, og det vil også i neste strategiperiode bli lagt vekt på å utvikle nettverk og sikre møteplassar for relevant fagleg kompetanseheving og erfaringsdeling mellom personar frå ulike skular med same stilling/funksjon. Det gjeld til dømes skuleleiarar, rådgjevarar og bibliotekansvarlege.

3.4 Vidareutdanning

Tilbod om vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar i vidaregåande opplæring skal i hovudsak prioriterast på grunnlag av nasjonale og lokale behov og rammevilkår. Det er også viktig å sjå strategi for vidareutdanning som eit ledd i ein arbeidsgjevarpolitikk som tar omsyn til individuelle ønskje og behov for kompetanseutvikling, særleg i omstillingssituasjonar.

Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanningane skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlege rulleringa av planen.

4. Kompetanseutviklingsområde

Dei prioriterte kompetanseutviklingsområda baserer seg på nasjonale og lokale føringar og oppdatert forskning på skulesektoren, og skal bidra til å nå overordna nasjonale og lokale mål. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei prioriterte kompetanseutviklingsområda for perioden 2016-2020.

4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområde

4.1.1 Relasjonskompetanse

Relasjonskompetanse handlar om å skape eit positivt læringsmiljø, der elevane kan konsentrere seg og bli motiverte for læring og utvikling. Læringsmiljø er avgjerande i klasserommet, i verkstaden og i bedrifta. Korleis elevane og læringane trivst har innverknad på motivasjon og psykisk helse, som igjen legg grunnlag for framtidig livsmeistring. Manglande fagleg grunnlag, svak sosial tilhøyrsløse og helseutfordringar er blant dei viktigaste årsakene til svake skuleprestasjonar og fråfall. Relasjonskompetanse omfattar både emosjonell og fagleg støtte. Emosjonell støtte kan vere knytt til eleven sin sosiale og helsemessige situasjon. Fagleg støtte handlar om at relasjonen er prega av varme og interesse for at elevane skal meistre og halde ved like motivasjonen for læring.

4.1.2 Vurdering for læring

Å sikre at elevar og lærlingar får læringsfremjande tilbakemeldingar på eigne prestasjonar og utvikling er eit sentralt kompetanseutviklingsområde i HFK. Vurdering skal ha som formål å motivere eleven/lærlingen til å nå læringsmåla. Undervegsvurdering handlar om å klargjere forventningar, beskrive og vurdere oppnådd kvalitet på læringsarbeidet, gi råd om forbetring og legge til rette for at eleven/lærlingen skal vurdere eige arbeid. Lærarane/instruktørane, skuleleiarar og prøvenemndene sin kompetanse og vurderingspraksis har stor betyding for elevane/lærlingane sitt læringsutbyte.

4.1.4 Pedagogisk bruk av IKT

Kunnskapsløftet (K06) spesifiserer digitale ferdigheiter som ein grunnleggjande ferdigheit og naudsynt kompetanse for læring i alle fag. Bruk av IKT er soleis ein føresetnad for elevane si læring og utvikling av læringsarbeidet i skulen. Forsking peikar også på at bruk av IKT kan bidra til å fremje elevdeltaking—meir elevsentrert og dialogbasert (dialogisk) undervisning. Erfaring frå utviklingsarbeid og læringsprosjekt i Hordaland synar allereie IKT si rolle knytt til utvikling av god vurderingspraksis og tilpassa opplæring¹. NOU 2015:8 «Fremtidens skole»² følgjer opp K06 si satsing på digital kompetanse og viser til korleis denne kompetansen må inngå som ein sentral del av fagområda i skulen i framtida. Bruk av IKT i læringsarbeidet krev kontinuerleg kompetanseheving for elev, lærar, skuleleiar og administrasjon — særskilt i høve til verktøykompetanse og didaktisk forståing av korleis IKT kan nyttast i fag og undervisning. Det er etablert eit nasjonalt rammeverk for lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse (PfdK). Med dette rammeverket er målet å gi innhald og mening til omgrepet profesjonsfagleg digital kompetanse for lærarar. Rammeverket skal danne grunnlag for kompetanseheving for lærarar.

4.2 Fagfornyninga - Fagleg-pedagogisk kompetanse

Stabile og robuste fagmiljø er ein føresetnad for ei opplæring av høg kvalitet. NOU: 2015:8 peikar på at faga i skulen treng fornying for å møte framtidig kompetansebehov i arbeids- og samfunnsliv. Elevane utviklar kompetanse gjennom arbeidet med faga, og utvalet meiner at ei fornying må reflektere at elevar i norsk skule vil ha behov for å utvikle fire sentrale kompetansar: Fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta, og kompetanse i å utforske og skape. Fag og fagområde endrar seg raskare enn tidlegare. God kunnskap om dei mest sentrale metodane og tenkemåtene, omgrepa og prinsippa som faga består av, vil gi elevane innsikt og ferdigheiter i faget som er relevante over tid.

¹ <https://www.laringihordaland.no>

² NOU 2015:8 Fremtidens skole: side 26. "Utvalget ser digital kompetanse som en sentral del av fagområdene i skolen. Teknologitvilling og bruk av digital teknologi har stor innvirkning på hvordan vi lever livene våre både privat, i skolen og i arbeids- og samfunnsliv. Digital kompetanse er i dag en forutsetning for å kunne delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv.²³ Digital kompetanse er en integrert del av ulike fagområder i skole og utdanning, og er avgjørende for innovasjon og teknologitvilling i næringslivet og i offentlige virksomheter."

Faga må utviklast slik at dei legg til rette for at elevane har moglegheit til å gå i djupna, og det må vurderast å redusere tal fagområde det er realistisk at skulefaga kan bestå av. Utvalet peiker også på tre fleirfaglege tema som vil vere særleg viktige framover og som må vere tydelege i læreplanverket: Bærekraftig utvikling, det fleirkulturelle samfunn og folkehelse og livsmestring. Gjennom skulebasert kompetanseutvikling, fagnettverk og vidareutdanning skal HFK sikre høg og framtidsretta fagkompetanse.

4.3 Fagleg pedagogisk leiarkompetanse

HFK skal legge til rette for vidareutdanningstilbod for skuleleiarar som er oppdatert, stimulerande, relevant og praktisk anvendeleg. Målet er at rektorane/skuleleiarane skal bli betre i stand til å utføre sine leiaroppgåver i ein praktisk og travel kvardag. Tilbakemeldingar dei seinare åra tyder på at dei som har gjennomført vidareutdanning innan skuleleiing i større grad har ei klar forståing av eiga leiroll og føler seg tryggare i rolla som skuleleiar. Vidareutdanningstilbod retta mot skuleleiarar vil framleis vere det viktigaste tiltaket når det gjeld kompetanseutvikling for skuleleiarar. Målet er at alle skuleleiarar i HFK skal ha minimum 30 studiepoeng innanfor område utdanningsleiing på masternivå.

4.4 Yrkesfaglærarløftet – yrkesfagleg pedagogisk kompetanse

For at flest mogleg lærlingar og lærekandidatar skal fullføre, er det nødvendig at åra i vidaregåande opplæring blir sett på som ein heilskap, og at det er tett kontakt mellom bedrift og skule gjennom heile løpet. Dagens regjering ønskjer å motivere arbeidslivet til å delta i kompetanseutviklinga av yrkesfaglærarane. Bedrifter og bransjar har fagkompetanse, er oppdaterte på teknologi og metodar, og kan dermed bidra til at lærarar som underviser framtidige lærlingar/arbeidstakarar også får denne kunnskapen.

Det er skilnad på korleis ein yrkesfaglærer og ein fellesfaglærer utøver profesjonen sin. Yrkesfaglærarane bør difor få eigne kompetanseutviklingstilbod som er skreddarsydde for denne gruppa. Både nasjonalt og lokalt er det sett i gang tiltak for å få meir systematisk kunnskap om kva kompetansebehov yrkesfaglærarane har.

Hospitering fører til kompetanseheving og nettverksbygging både for dei tilsette i skulane og i bedrifta. Dette fører til ei utviding av skulane sine kontaktnett hos bedrifta, samt stimulerer til betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

4.5 Oppfølging av nyttilsette

Nye lærarar i HFK skal sikrast tett og god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Dette kan best sikrast gjennom at nye lærarar møter rettleiarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse. Eit tilbod om formell kompetanse innan rettleiing for mentorar er viktig for å sikre kvalifisert rettleiing av nye lærarar slik at dei meistarar jobben og blir i skulen. Utdanning innanfor rettleiing for mentorar skal sikre at den rettleiinga nye lærarar får er målretta, systematisk og profesjonell. Nye lærarar må og sikrast gode og tilrettelagte læringsarenaer på tvers av skular der dei kan møte andre lærarar i same situasjon og dele erfaringar i ein trygg kontekst.

4.6 Interkulturell kompetanse

Det å erverve seg kunnskap om andre kulturar og andre måtar å tenke og løyse utfordringar på, gjer at ein også får meir kunnskap om seg sjølv og sin eigen kulturelle bakgrunn. Interkulturell kompetanse kan blant anna definerast som å få meir grunnleggande kunnskap om seg sjølv og andre og dermed gjere ein i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling.

Med utgangspunkt i HFK sin Internasjonale strategi frå 2013 utvikla opplæringsavdelinga sin strategi med handlingsplan i 2014. Eitt av måla for internasjonalisering i vidaregåande opplæring er:

- Internasjonal kompetanse skal gjere elevane og lærlingane i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og eit internasjonalt verdssamfunn.

I tråd med HFK sin overordna strategi har opplæringsavdelinga som mål å auke den internasjonale kompetansen til lærarar og skuleleiarar. Skuleeigar kan bidra med kompetanse og støtte slik at lærarar og skuleleiarar får kunnskap om å søkje ulike europeiske stipendordningar.

4.7 Rådgiving

4.7.1 Karriererådgiving

Val av utdanning og yrke blir opplevd som vanskeleg for mange elevar. Karriererådgivinga skal hjelpe elevane til å bli bevisst på sine egne verdiar, interesser og føresetningar. Eit godt system for karriererettleiing med høg kompetanse kan bidra til at den enkelte sine føresetnader og arbeidslivet sin etterspørsel etter kompetanse kan bli ivareteke på ein effektiv måte. Kompetansehevande tiltak vil i så måte knytast til karriererettleiing som læringsprosess, kor karrierelæring er sentral. Utvikling av karrierekompetanse og valkompetanse blir svært viktig i framtida. (Rapport frå ekspertutval, VOX, 2015 «CMS – et felles perspektiv for karriereveiledning i Norge?»)

4.7.2 Sosialrådgiving

Sosialpedagogisk rådgiving skal hjelpe den enkelte elev til å finne seg til rette i opplæringa. Den skal hjelpe elevane med personlege, sosiale og emosjonelle problem som kan ha betydning for elevane si opplæring og sosiale forhold på skulen. Ein sosialpedagogisk rådgivar er viktig i skulen si elevteneste og har tett samarbeid med interne og eksterne aktørar, til dømes PP-tenesta og skulehelsetenesta.

4.8 Spesialpedagogisk kompetanse

Skuleleiarane skal sikre at skulen har kompetanse til å følgje opp og gje forsvarleg opplæring til elevar med særskilte behov. Årleg blir om lag 1000 elevar/lærlingar/lærekandidatar tilvist til OT/PPT for vurdering av ulike vanskar og ønskje om råd om tilpassa opplæring og sakkunne om spesialundervisning. Skuleeigar og skuleleiarane har ansvar for å sikre at skulane har den naudsynte kompetansen slik at dei kan gje alle elevar, uansett kva lærevanskar dei har, eit forsvarleg opplæringstilbod og følgje opp råd og sakkunnige anbefalingar frå OT/PPT.

PP-tenesta har ansvar for å hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov jf. opplæringslova § 5-5. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

4.9 Skulebibliotektenesta

Skulebibliotektenesta kan vere ein viktig ressurs for å skape eit godt skule- og læringsmiljø der elevane får rettleiing og hjelp til å finne og utforske tekstar gjennom alle typar media og til alle typar emne og fag. Bibliotektenesta er i stadig utvikling i ein digital kvar dag. Skulebibliotekaren er ein profesjonell rettleiar i kjeldekritikk og kvalitetssikring av informasjon. Etterutdanning i høve dagens medielandskap er ei viktig investering. Styrking av kompetansen i skulebiblioteka vil vere viktig for elevane si læring og læringsmiljøet, og bidra til å gjere biblioteket som læringsarena til ein uvurderleg møteplass mellom språk og kultur for alle elevar.

Kapittel 2

Oversikt over prioriterte tiltak våren 2020

5. Tiltak

Dette kapittelet gir ei oversikt over prioriterte tiltak og økonomi for våren 2020. Tiltaksplanen er utarbeidd i tråd med føringar i kapittel 1 i Plan for kompetanseutvikling.

5.1 Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Skulebasert Kompetanseutvikling/læringsprosjekt	<ul style="list-style-type: none">- Desentralisert kompetanseutvikling- Læringsprosjekt	1 850 000
Sum		1 850 000

5.2 Etterutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Nettverk		
Fagnettverk	Fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag	2 500 000
Andre nettverk for: <ul style="list-style-type: none">- Bibliotekansvarlege- Minoritetsspråklege- Pedagogisk bruk av IKT- Rådgjevarar- Spesialpedagogikk	Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar	560 000
Sum nettverk		3 060 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Annan etterutdanning		
Lærarar	<ul style="list-style-type: none">- Andrespråklæring- Fagkurs for yrkesfaglærarar- Hospitering for lærarane- Læringsmiljø- Nordic Teachers Space camp- Utdannings- og reisestipend- Dei gode døma	1 935 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Skuleleiing	- KS- leiarprogram	250 000
Faglege leiarar / instruktørar og prøvenemnda	- Fagleg leiar/instruktør opplæring - Hospitering for instruktørar/ fagleg leiarar - Vurderingskurs for prøvenemnder	1 050 000
Miljøarbeidarar	- Kurs/samlingar	50 000
Sum annan etterutdanning		3 285 000

5.3 Vidareutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Vidareutdanning		
Lærarar	- Kompetanse for kvalitet - Yrkesfaglærarløftet - Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk	11 844 000
Rådgjeverar	- Karriererettleiing - Sosialpedagogikk	
Skuleleiarar	- Rektorutdanning 30 stp.	
Miljøarbeidarar	- Stipend	
Sum vidareutdanning		11 844 000

6. Finansiering for våren 2020

Kostnader	Kroner
Skulebasert kompetanseutvikling	1 850 000
Etter -og vidareutdanning	18 189 000
Sum	20 039 000

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	13 955 000
HFK-midlar	6 084 000
Sum	20 039 000

Tiltaka blir finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og midlar frå opplæringsavdelinga sine budsjet. I dette er det ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning er rekna med. Desse ressursane er betydelege. Det er lagt inn ei eigenbetaling frå skulane i samband med etterutdanning i regi av fagnettverka.

Statlege midlar til etterutdanning er midlar det har blitt søkt på til spesifikke tiltak. Det er krav om rapportering på bruk av desse midlane. I inneverande periode gjeld dette midlar til hospitering, fagkurs for yrkesfaglærarar og vurdering for læring.

Finansieringa av vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet* er delt mellom statlege og fylkeskommunale midlar. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar.

Det er to nasjonale strategiar kor det kan søkjast utdanningstøtte til vidareutdanning:

- Kompetanse for kvalitet
- Yrkesfaglærarløftet

Finansieringa av vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet* er delt mellom statlege og fylkeskommunale midlar.

Det er to finansieringsordningar i Kompetanse for kvalitet.

- **Vikarordning:** Lærarar som tek eit 30 studiepoeng studium skal frikjøpas 37,5 prosent av full stilling. Fordelinga på finansieringa er 60 % stat, 15 % skuleeigar og 25 % for lærarar i form av bruk av eiga tid. For vidareutdanning innan matematikk og naturfag er fordelinga slik: 75 % stat og 25 % for lærarar.
- **Stipendordning:** Lærarane får 110 000 kr. i stipend for å ta 30 studiepoeng.

Den enkelte lærar avgjer sjølv i samråd med skuleleiinga kva finansieringsordning som blir søkt om.

Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel.

Yrkesfaglærarløftet:

Det er to finansieringsordningar under denne ordninga:

- **Stipend:** Lærarane får 55 000 kr i stipend for 15 studiepoeng.
- **Frikjøp:** Lærarane som tek 15 studiepoeng studium skal frikjøpas med 18,75% av full stilling.

Stipend og frikjøp er heilt finansiert av staten. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel.